



Frithjof Kvinge
Ola Grotnes' vei 9
8624 MO I RANA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1092 - 21/4648

Saksbehandlar:
Thomas Skår
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:
22.06.2021

Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad - gbnr 37/41

Vi syner til søknad motteke (komplett) den 12.04.2021.
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 062/2021

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad gbnr 37/41.

Søknad med vedlegg mottatt (komplett) 12.04.2021 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tilkomstveg ligg i aktsemdområde for skred. Skredfare må vurderast av fagkunnig og avbøtande tiltak må gjerast dersom geolog vurderer det som nødvendig før det vert sendt inn byggesøknad på veggen.
- Avkøyrsløse frå FV570 skal opparbeidast etter reguleringsplan Einestrand-Nordre Kvinge fv 570 og avkøyrsla skal endeleg godkjennast av Vestland Fylkeskommune.

Grunngjeving: Område som omsøkt tilkomstveg ligg i, vert ikkje nytta til landbruksføremål. Området vert ikkje nytta til beite og består av spredt bjørk, furu og einebusker fram til eksisterande skogsveg frå fritidsbustad. Ved å restaurere og vedlikehalde eksisterande skogsveg vil ein samstundes tilretteleggje for framtidig skogdrift. Kommunen vurderer at 50 meter tilkomstveg frå fritidsbustad til eksisterande skogsveg ikkje vil verke negativt for friluftsliv og oppleving av landskapet. Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til landbruk, natur, miljø, landskap og friluftsliv. Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

Heimel: Plan- og bygningslova § 19-2 og Masfjorden kommuneplan 2018-2030.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og

gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt (komplett) 12.04.2021 søkt om dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad gbnr 37/41.

2. Uttale

Saka vart sendt på uttale til Statsforvaltaren i Vestland (då Fylkesmannen i Vestland) 15.12.2020. Statsforvaltaren i Vestland uttale i brev datert 06.01.2021 fylgjande: «Den omsøkte vegen skal vere om lag 50 meter lang og 3,5 meter brei og skal anleggjast i produktiv skog ifølgje markslagkart. Vegen skal også krysse ein bekk. Deler av området ligg som del av eit kartlagt friluftslivområde verdisett som viktig. Både omdisponering og oppsplitting av skogen må vurderast, det same må verknad for friluftsliv og oppleving av landskap.

I søknaden står at vegen enten vil bli lagt i bru over bekken eller så bli bekken lagt i røyr. Det må kome klart fram kva ein søker om. Det står ikkje noko om tiltaket vil føre til inngrep i kantvegetasjonen. Vi minner om at kantvegetasjon ikkje utan vidare kan fjernast jf. vassressurslova § 11.

Det er uheldig å tillate tilkomstvegar til fritidbygg i LNF-formål utan at det er særlege forhold i saka som gjer at den skil seg ifrå liknande saker. Dette kan føre til at det vert vanskeleg å avslå liknande søknader og ein kan stå i fare for å setje kommuneplanen som styresverktøy tilsidesette. Berre i nærområdet her, ser det ut til å ligge fleire andre fritidsbustader utan køyreveg til hytta. Ein bit for bit nedbygging og oppsplitting av LNF-området vil vere negativt.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon for tilkomstveg til fritidsbustad i denne saka.»

I samband med at det vart søkt om utvida bruk av avkøyrsløse frå fv 570 uttalte Vestland fylkeskommune fylgjande: «Etter ei heilskapleg vurdering av omsøkt tiltak stiller Vestland fylkeskommune seg negative til ein dispensasjon frå LNF-føremål i KPA, og utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse. Avkøyrsløsepunktet er verken utarbeidd etter gjeldande reguleringsplan eller stettar dei vegtekniske krava i handbok N100. Blant anna er vegbreidda til fv. 570 ikkje dimensjonert etter gjeldande reguleringsplan. Vegen er smal og det er knapt plass til at to bilar kan passere kvarandre. Reguleringsplanen viser vidare til at skogsbilvegen munnar vinkelrett ut på fylkesvegen, medan det i røyndomen dannar ein spiss vinkel i venstre sving ut på fylkesvegen, sjå kart nedanfor. Med andre ord, det er ikkje tilstrekkeleg med svingradius i venstresvingen ut frå egedomen.

Vestland fylkeskommune stiller seg negative til at det gis dispensasjon frå LNF-føremål i denne saka. Vi gjer allereie no merksam på at utvida bruk av dagens avkøyrsløse ikkje kan påreknast frå vår side. Dersom


avkøyrsla blir bygd slik reguleringsplan Einestrand Nordkvingo viser, kan søkar pårekne løyve til utvida bruk av avkøyrslle frå Vestland fylkeskommune.»

3. Fakta

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad gbnr 37/41. Søknaden er noko endra i frå når søknaden var ute på høyring. Endring går ut på at grunneigar ynskjer å nytte eksisterande skogsveg som skogsveg for framtidig skogsdrift. Dispensasjonen vil difor kun gjelde for tilkomstveg til fritidsbustad frå eksisterande skogsveg. Tiltak som gjeld skogsveg vert søkt som ein kombinert veg etter landbruksvegforskrifta.

Gjeldande plangrunnlag: Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, vedteken av Masfjorden kommunestyret 09.05.2020 i sak 021/19. Eigedomen er avsett til landbruk, - natur, og friluftsliv jf. pbl § 11-7 nr 5. Utgangspunktet er at i desse område er det berre tillate med tiltak knytta til stadbunden næring. Tiltaket er dermed i strid med LNF-føremålet og krev difor dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2.


Tilkomstveg frå skogsveg er søkt med ei leng på ca 50 meter og ei breidd på 3,5 meter. Veg er vist på situasjonskart under.



Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak, og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Deler av eksisterande skogsveg ligg i kartlagt friluftsområde. Rådmannen er ikkje kjend med at eksisterande skogsveg er mykje nytta som friluftsområde og vurderer at omsøkt tiltak ikkje kjem i konflikt med naturfangfaldslova.

Omsøkt veg ligg i aktsemdområde for snøskred og steinsprang. Dette vist på kart under. Det vert difor sett krav til at det vert gjort skredfarevurdering av fagkunnig før byggesøknad vert sendt inn. Avbøtande tiltak må bli gjort dersom fagkunnig vurderer at det er naudsynt.



4. Vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er satt av til i arealdelen til kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gjeve dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylt før ein kan gje dispensasjon. Vedrørande dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regional rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Område som omsøkt tilkomstveg ligg i, vert ikkje nytta til landbruksføremål. Området vert ikkje nytta til beite og består av spredt bjørk, furu og einebusker fram til eksisterande skogsveg frå fritidsbustad. Ved å restaurere og vedlikehalde eksisterande skogsveg vil ein samstundes tilretteleggje for framtidig skogdrift. Kommunen vurderer at 50 meter tilkomstveg frå fritidsbustad til eksisterande skogsveg ikkje vil verke negativt for friluftsliv og oppleving av landskapet.

Det har i vurderinga blitt lagt vekt på omsynet til landbruk, natur, miljø, landskap og friluftsliv.

Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

5. Konklusjon

Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 19-2 og godkjenner søknad om dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad gbnr 37/41.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Thomas Skår
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Frithjof Kvinge

Ola Grotnes' vei 9 8624

MO I RANA